



## Årsmelding for Nord-Gudbrandsdal Gjetarhundlag 2020.

Vår Hovudsponsor

**Ottadalen Mølle**

Sponsor

**SpareBank** 1  
LOM OG SKJÅK

Førre årsmøte vart halde på Skjåk Turistheim den 23.01.2020, med totalt 13 fram møtte.

### **Styret:**

#### Styret gjennom året:

Endre Amundgård leiar (på val), Kari Hånsnar sekretær, Inger Marie Nyløkken kasserar (på val), Anders Svare styremedlem, Torkjel Solbakken styremedlem (på val)

### **Vara:**

Aleksander Selsjord har møtt på styremøta. (på val)

### **Valgkomite:**

Bjørn Ola Vaagaasarøygard og Mali Tungen (på val)

### **Møter:**

Styremøta gjennom året.

- 23 - januar - Skjåk - 6 sakar til drøfting/behandling
- 4 - juni - YX Dovre - 6 sakar til drøfting/behandling
- 7 - okt - Vågå - 9 sakar til drøfting/behandling
- 1 - des - Vågå - 6 sakar til drøfting/behandling

Utanom styremøta har det også vore utveksling av epost, SMS, og kommunikasjon over telefon.

### **OGL**

Den 20. februar var det årsmøte i Oppland Gjetarhundlag (OGL) der Nord-Gudbrandsdal Gjetarhundlag (NGG) møtte med fyljande representantar:

Bjørn Ola Vaagaasarøygard	Inger Nyløkken
Torkjel Solbakken	Anders Svare
Aleksander Selsjord	Endre Amundgård

## **Råd og Utval**

Torkjel har gjennom året vore representant i prøvenemnda. Torkjel har også sitje som fast medlem av gjetarhunderådet i NSG.

## **Medlemmar:**

Pr 31.12.2020 er det 56 betalande medlemmar.

## **Aktivitetar:**

Styret la ein plan for aktivitetar for året som vart sendt ut til medlemmane i slutten av januar. På grunn av Covid-19 måtte laget dessverre avlyse ein del av aktivitetane som var planlagde på vårparten. Laget fekk likevel noko av aktivitetane på sommaren og hausten etter at det vart opna for å kunne drive med slike aktivitetar.

- Det vart heldt Gjetarhundkurs den 11. og 12. juli på Lesja og Dovreskogen på 3 forskjellige areal og med ulike nivå. Totalt 23 deltakarar. Instruktørar var Torkjel, Ronny og Halvor Tenden.
- Laget arrangerte offisiell opning av Goffalykkja om kvelden den 7. juli. Ei sosial samling for lagets medlemmar. Laget grilla og spanderte pølser og hamburgar. Totalt 12medlemmar møtte.
- Fellestreningar:

### Goffalykja:

Laget har leigd sau og areal på Goffalykja på Dovre for å ha eit fast og sikkert tilbod til medlemmane gjennom sesongen. Anders Svare har hatt det overordna ansvaret for tilbodet. Det var etter styrets syn laber interesse for treningstilbodet i starten på sesongen, men tok seg opp mot slutten. Areal og sau som laget disponerer er etter avtale med Eivind Haugom.

Utover lagets tilrettelagde tilbod har fleire supplert med sau og areal til treningssamlingar som eit tillegg til det faste tilbodet frå laget:

Aleksander Selsjord  
Elin Lerhaugen  
Inger Nyløkken.

Respons på tilboda har vore så som så.

## **Hovudsponsor:**

Laget fekk i 2018 ei treårig sponsoravtale med Ottadalen Mølle. Avtala er av stor verdi for laget. Tusen takk til Ottadalen Mølle for støtte og samarbeid.

## **Andre sponsorar:**

I år har laget også fått støtte frå Sparebank ! Lom og Skjåk og gjennom kulturmidlar. Laget rettar stor takk for støtta.

### **Instruktører:**

Laget er godt dekt med instruktører. I all hovudsak på lik linje som tidlegare år.

### **Dommarer:**

Laget har som før 3 godkjende dommarar.

Torkjel og Bjørn Ola har dømt prøver gjennom sesongen.

Laget har dyktige dommarar med stor kompetanse og lang erfaring på gjetarhund.

### **Prøver:**

#### Distriktsprøver:

- Den 7. juni stilte Mali Tungen på DP prøve i Eiker. Her fikk Mali og hunden Zeiss bruksprov og godkjent klasse 3.
- Den 15. juli blei det arrangert ei distriktsprøve i klasse 1 og 3 på Lesja hos Amundgård. Under arrangementet vart det to nye bruksprov til laget og ei godkjent klasse 3 prøve. Torkjel fekk godkjent klasse 3 og bruksprov på hunden Elan Valley Jack. Kari Hånsnar fekk godkjent bruksprov i klasse 1 på hunden Jim.
- Den 22 aug. stilte Kari Hånsnar og Torstein Ytre på ei DP prøve på Gjerøya. Der fikk Kari og hunden Niko godkjent klasse 3 prøve, og Torstein og hunden Sjakk fekk og godkjent klasse 3 prøve.
- Den 26 aug. stilte Frank Sletten på klasse 1 prøve i Midt-Gudbrandsdal. Her fikk Frank og hunden PI godkjent bruksprov.
- Den 30. august fekk Merete Berg og hunden Piko godkjent klasse 3 på ei Norgesserieprøve i Follestadalen.
- Den 10 oktober stilte Elin Lerhaugen på ei distriktsprøve i Midt-Gudbrandsdal. Her fikk Elin og hunden Fant godkjent bruksprov. Ronny Smedsmo stilte i klasse 3, og fekk godkjent bruksprov og klasse 3 med hunden Arja.

**Pr. 31.12.2020 har laget totalt 6 nye bruksprov.**

#### Fylkesmeisterskap:

Årets FM vart i år arrangert på Fron med totalt 52 hundar til start. Laget hadde 9 medlemmar med totalt 21 hundar til start. FM besto som før av ei innleiande runde med ein finaleomgang til slutt. Finala besto i år av dei tre beste frå innleiande runde. Ronny og Milla kom til finala og ende til slutt på ein flott andre plass.

Torkjel ble den nest beste av våre på en 4 plass med Ziva.

Torkjel hadde også beste unghunden på FM. Det var hunden Ty.

#### Norgesserie:

- Laget arrangerte Norgesserieprøve hjå Amundgård på Lesja den 24.-25. oktober. Totalt 40 startande både laurdag og sundag. Laget hadde 8 deltakarar, med totalt 21 hundar. Best av våre laurdag vart Ronny med hunden Milla på 1. plass,

mens Torkjel og Ziva kom på 3. plass. Sundag vart Torkjel best av våre, med 1, og 2. plass med hundane Slip og Ziva. Ronny kapra 3. og 4. plassene med hundane Milla og Pepsi.

- Fleire av medlemmane har også delteke på Norgesserieprøver på andre plassar/Fylker. Også her har lokallagets medlemmar hausta flotte plasseringar.
- Årets NS finale vart arrangert i Klæbu. Finala i Norgesserien består av dei 35 beste NS hundane gjennom sesongen av ca. 250 hundar som startar på NS gjennom året. Laget hadde i år 5 hundar i finala. Torkjel med Ziva og Slip, Mali med Noah, Ronny med Milla, Torstein med Kira.

### NM

6 av lagets medlemmar deltok under årets NM med totalt 9 hundar av ei kvote på 12 i Oppland Fylke.

Ngg sine deltakarar var: Torkjel med Slip og Ziva, Torstein med Titti og Kira, Ronny med Ivo og Milla, Mali med Noah, Irene med Tico og Merete med Piko.

Laget hadde dessverre ingen i finala under NM 2020.

### **Andre konkurransar:**

På grunn av Covid-19 vart ein del av dei større prøvene både internasjonalt og nasjonalt avlyst. Blant anna gjaldt dette Norsk Nursery og Nordisk Nursery. Dette er svært leit for dei som hadde dette som mål med sine lovande unghundar.

### **Klubbkamp:**

Den planlagde klubbkampen vart avlyst på grunn av manglande interesse. Klubbkampen mellom lokallaga er derfor lagt på is på ubestemt tid.

### **Økonomi:**

Økonomien i laget er god. Laget har gjennom året kjøpt noko nytt utstyr retta mot gjetarhundarbeid og gjetarhundaktivitetar. Rekneskap og informasjon om innkjøp blir lagt fram på årsmøtet og gjennomgått av kasserar.

### **Oppsummering:**

Trass i Covid-19 klarte vi å halde aktiviteten oppe på eit nivå som eit normalår. Ngg har også i år mange nye bruksprov, men mindre enn det som har vore normalt dei seinare åra. I tillegg til nye bruksprov er det også mange ekvipasjar som har fått godkjent klasse 2 og 3 på hundane sine. Det blir stadig fleire av lagets medlemmar som kommer opp og fram med hundane sine. Eit resultat av dette er at det også blir fleire frå laget som ynskjer å prøva seg på ulike konkurransar. Ngg forsyner seg stort av NM-kvota. Ngg er sterkt representert i Norgesserien. Ngg har ei aukande mengde påmeldingar til Fylkesmeisterskapet.

Når ein ser på framgangen med hundar for enkelte medlemmar, bruksprov, godkjende hundar i ulike klassar, påmeldingar til konkurransar og resultat frå konkurransar, er det liten tvil om aktivitetar over tid, med den kompetansen som Ngg har i lage, gjev

resultat. Ein annan faktor som også må nemnast som ein mogleg årsak til positiv framgang med hund i laget, er at i tillegg til å ta del i lagets kompetanse og aktivitetar, så blir det stadig fleire som legg til rette for å kunne drive sjølvstendig trening.

Ngg er som tidlegare eit lag med stor kompetanse på gjetarhund. Utfordringa vil alltid vera å halde aktivitetar, miljø, motivasjon og prestasjonar oppe. For å klare det er vi avhengige av medlemmar, dugnadsånd, miljø og ressursar. Til tross for mange medlemmar, har laget utfordringar når det gjeld ressursar og dugnadsånd.

Avslutningsvis ynskjer laget å gratulere alle som har tatt bruksprov gjennom sesongen, alle som har fått godkjende klasse to og tre prøver, og vinnarar av prøver. Laget gratulerer også alle deltakarar med flott innsats og plasseringar på større prøver gjennom sesongen. Laget vil også takke alle som på sin måte har bidrege til at aktivitetar og arrangement har vore mogleg og gjennomføre. Lykke til vidare med hundane alle saman, og hiv dykk med på neste gjetarhundsosong.

Styret